

Arnardo med topp-program neste fredag!**20.05.2010**

Cirkus Arnardo er underveis til Rabben og Uskedalen slik sirkuset plar vera no i mai og neste fredag - 28. Mai - presenterer dei eit program som Arild Arnardo meiner er det beste han har sett saman.

Han lokkar mellom anna med orientalsk gummimann, Kyra Gribb og Elvis med sine tre elefanter. Sirkuset er no inne i sin 62. sesong.

* Gummimannen kjem ifrå Aserbajdsjan. Med ein kropp som minner om ein seigmann vrir han armene sine heilt rundt, i 360 grader.

* Gribben Kyra er 45 år og har eit vingespenn på nesten 3 meter og har i alle år vore Krenzola-familiens stoltheit. Gribben toppar ei fargerik fuglegruppe samt katter.

* Tre elefanter er altså med i sirkuset i år og siste tilskudd til sirkusdynastiet Errani heiter Elvis og er 21 år. Han setter seg blant publikum og styrer elefantane berre med røysta!

Det er tradisjon med gode klovnar hjå Arnardo og i år er dei klassiske musikalske klovnane The Balders på plass.

Blant dei andre numra kan nemnast Zeudy som sjonglerar med føtene liggjande på ryggen oppå ein tung motorsykkel, Duo Glavatskiy som regjererer høgt oppe under kuppelen og Marco Moressa som trakterer mange ting i luften samstundes.

Sirkuset omfattar ein flokk på 100 personar og 45 vogntog som skal rundt til 140 stader i år!

Av Ola Matti Mathisen